

Onsdag vert allidrett-treninga lagt til skitrekket i Fjellhaugen, melder Cathrine og Steinar Haugland og held fram:.

- Vi reiser frå Grano klokka 17.30- Det er fint om både dei som er med på køyrelista og dei som skal ordna skyss sjølve møter der.

Kveldskortet koster 90 kroner. Dette er ein rabattpris som vi har fått. For å få kortet til denne prisen, må kortet kjøpast gjennom oss, viss ikkje er prisen 120 kroner.

Denne fyrste kvelden håpar vi å kunna gi instruksjon både til nybegynnarar og dei meir vidarekomne. Vermedarane lovar låge temperaturar på onsdag, så me oppmodar ungdommane om å kle seg godt.